

Årsmelding for Suldal O-lag

2010



www.suldal-o-lag.no

Innhold:

Innhold:	2
Årsmøtet i Suldal O-lag 26.1.2011:.....	3
Årsmelding frå styret i Suldal O-lag 2010.....	4
Styret i 2010:	4
Møte og saker:	5
Representasjon:.....	5
Medlemstal	5
Økonomi:.....	5
Kartarbeid:.....	6
Aktivitetar:	6
Dugnad	8
Heimeside:.....	8
MATERIALOVERSYN 2010.....	9
Turorientering 2010	10
Årsrapport for Trenings- og instruksjonskomiteen.	11
Rekneskap 2010	12
Budsjett 2011.....	13

Årsmøtet i Suldal O-lag 26.1.2011:

Sakliste:

Opning av årsmøtet
Godkjenning av innkalling og sakliste
Val av ordstyrar og referent
Orientering om lovrevisjon
Årsmelding for 2010
Rekneskap
Årspengar
Budsjett
Innkomne saker
Val av styremedlemmer og andre verv
Val av valnemnd
Val av utsendingar til kretstinget

Årsmelding frå styret i Suldal O-lag 2010

Suldal O-lag er medlem av NOF (Norges orienteringsforbund) og NIF (Norges Idrettsforbund)

Styret i 2010:

Leiar:	Ingvar Olimstad	(på val)
Nestleiar:	Kari Myklebust	
Kasserar:	Michael Willig	(på val)
Skrivar:	Jan Erik Kristensen	
Oppmann:	Magnar Nerheim	
Varamedlem:	Arne Hilde	(på val)

Andre verv:

Turorientering :	Egil Fugleberg, Bibbi Kroboth Olesen (på val)
Trening og rekruttering:	Jan Erik Kristensen, Jon Nerheim , Michael Willig (på val).
Materialforvaltar:	Magnar Nerheim (på val)
Kartansvarleg (utpeika av styret):	Albert Nærheim
Dataansvarleg: (utpeika av styret):	Michael Willig
Husnemnd:	Tore Kjeld Ståland, Reidar Blesvik (på val)
Valnemnd:	Reidar Blesvik (på val), Johannes Bjørke.
Revisor:	Gyrid Bakka

Møte og saker:

Årsmøtet for 2009 var 21. november. Då vart det gjort vedtekstendring om at årsmøtet frå då av skal vera etter årsskiftet.

Styremøte:

I 2010 har styret hatt 8 styremøte og handsama 43 saker. I tillegg til sakene har referat frå forrige møte og skriv/meldingar vore faste punkt. Viktige saker har vore: Aktivitetar, rekrutteringsarbeid, klubbhuset, kartarbeid.

Medlemsmøte:

28. april hadde laget medlemsmøte med svært godt frammmøte. Då var det god mat, underhaldning og premieutdeling for vinteraktivitetane.

6. november var det nytt medlemsmøte, også då med godt frammmøte, god mat underhaldning og premieutdeling for vår- /sommar- /haustaktivitetane.

Sommarmoro:

23. juni, jonsokaftan, skipa laget til ein miljøkveld ved Mosvatnet. Då var det stafett, leikar for små og store, grilling og bading.

Representasjon:

11. februar: Rogaland O-krets, kretsting i Mortavika: Albert Nærheim og Ingvar Olimstad møtte frå Suldal o-lag.

13. februar: HIL, O-gruppa 50 år. Ingvar Olimstad representerte Suldal O-lag og overrekte gåve.

5. oktober: Rogaland Idrettskrets, kurs om lov og organisasjon. Michael Willig og Ingvar Olimstad deltok

Suldal idrettsråd. Michael Willig er leiar i rådet og har representert Suldal O-lag på møta.

Medlemstal

Laget har 88 medlemmer, ein auke på 10 frå i fjor. 34 medlemmer er under 20 år.

Æresmedlem: Albert Nærheim er æresmedlem i Suldal O-lag.

Økonomi:

Økonomien i laget er god. Rekneskapen viser kr 17360 i overskot. Behaldninga er på kr 216951.

Frå lokale aktivitetsmidlar har laget fått kr 7310 (i 2010)


Frå Suldal kommune har laget fått kr 7731 (i 2010)

Grasrotmidlar ca kr. 2600 (i 2010)

Laget har uteståande 5000 kr frå Frisk i friluft.

Kartarbeid:

Arbeid med Sandsaoskartet er i rute og vil vonleg bli ferdig til sommaren. Det er gjort opptak til ei mindre revidering av Jelsakartet.



Aktivitetar:

Laget har hatt god aktivitet gjennom sesongen. Karuselløpa har hatt opp til 36 deltakarar.på enkelte løp. Svært gledeleg er det at fleire unge har kome med. Det gode arbeidet i rekrutteringsnemnda syner att! Andre helga i januar 2011 var fire av dei unge - Ingvill, Ane, Vebjørn og Oddbjørn - med på ROOTS-samling i Haugesund . Jan Erik var med som leiar.

I utanbygds løp har det vore altfor få deltakarar frå Suldal. Men Albert Nærheim og Magnar Nerheim har vore ivrige, og begge kan visa til flotte resultat i KM og i mange kretsløp. Albert vann m.a. rankinga i sin klasse.

O-karusell:

Vinterkarusellen 2009-2010 vart avvikla med 9 løp og bra deltaking.

Siste karuselløp var 17. mars.

Vinterkarusellen 2010-2011 starta opp 18. november og hadde 5 løp fram til årsskiftet. Nokre av løpa hadde godt over 20 deltakarar.

63 deltakarar var med i sommarkarusellen. Karusellen hadde 13 løp. 3 av løpa var sprintløp. Vinnarane av var: Jan Erik Kristensen (lang løype), Marit Eikeland (mellom løype kvinner), Albert Nærheim (mellom løype menn), Jostein Hindenes (kort løype gutar), Ingvill Odden (kort løype jenter).



Klubbmeisterskap:

26 deltakarar var med i klubbmeisterskapen. Klubbmeistrar vart: Jan Erik Kristensen (lang løype), Marit Eikeland (mellom løype kvinner), Arne Hilde (mellom løype menn), Vebjørn Nerheim (kort løype gutar), (Ingvill Odden (kort løype jenter).



Familie-/vennestafettar:

O-laget skipa til familie-/vennestafettar 22. nov. 2009 (i forkant av årsmøtet), 23. juni og 6. november 2010. Jamvel om deltakinga bare var på 4 og 5 lag, hadde deltakarane det gildt i dei uhøgtidelege stafettane.

Skulearrangement:

O-laget arrangerte eit svært vellukka orienteringsløp for Sauda vidaregåande skule, avd. Sand i haust. Michael Willig og Magnar Nerheim gjorde god innsats der.

Laget la òg opp eit arrangement for ungdomsskulen på Sand. Ein god del av postane var lagt ut, men snøen kom tidleg og øydela dette arrangementet.



Nybegynnarkurs:

I april arrangerte trenings- og rekrutteringsnemnda eit nybegynnarkurs med god deltaking av både born og vaksne. Gledelig har det vore at mange av deltakarane var aktivt med på løpa seinare i sesongen. Sjå rapport frå nemnda.

Turorientering:

Også dette året har turorienteringsnemnda fått mykje lovord for opplegga sine med både vinterturorientering og sommarturorientering. Sjå rapport frå nemnda.

Idrettsmerket:

O-laget skipa til ei idrettsmerkesamling. (Orientering og turorientering vart brukt som øvingar for trim og uthald.) 3 av medlemene tok idrettsmerket. Ingvar Olimstad tok det for 50. gong.



Romjulsmarsj:

3. juledag 2009 skipa laget til den tradisjonelle romjulsmarsjen. Det var søndag og fint ver – og rekorddeltaking: 125 deltakarar.

3. juledag 2010 var det på ny romjulsmarsj. 100 deltakarar var med. Nytt av året var at o-laget og Sand sanitetsforening samarbeidde om arrangementet. Då fekk vi nytta oss av kjøkken og opphaldsrom i Sanitetshuset. Samarbeidet var vellukka og bør bli fast.

Dugnad

Suldalshallen:

Medlemmer av o-laget har hatt vakter i Suldalshallen vår og haust.

Klubbhuset:

Klubbhuset vart nymåla i sommar av ein ivrig dugnadsgjeng.

Etter sprengkulda i januar 2010 vart det vasslekkasje i huset. Røyrleggjar måtte ordna med det, men husnemnda og Magnar Nerheim fekk ein del ekstraarbeid.

Styret vil elles takka Magnar og Albert for det flotte arbeidet med å laga hyller med eitt hol til kvar o-post. Nå er det systematisk og greitt å få tak i dei rette postane.

TV-aksjonen:

O-laget vart utfordra til å stilla med bøssebærarar på TV-innsamlinga på Sand 24. oktober. Laget stilte med 10 bøssebærarar.

Heimeside:

Suldal O-lag har fått ny heimeside, www.suldal-o-lag.no. Her finn ein mykje god og flott presentert informasjon om laget.

Jarle Lunde gav god gratishjelp til o-laget då sida vart til. Michael har vore ein god assistent, og først og fremst har Jan Erik lagt ned eit kjempearbeid med ei heimeside som laget kan vera stolt av.

The screenshot shows the website for Suldal O-Lag. The browser window title is "SULDAL O-LAG | Siste nytt - Mozilla Firefox". The address bar shows "http://www.suldal-o-lag.no/joomla/". The website header includes the logo "SULDAL O-LAG" and a search bar. Below the header is a large topographic map of the Suldal area, with several red circles highlighting specific points of interest. The main content area is titled "Siste nytt" and features a news item with the title "ROOTS - turen, kjekt og lærerikt!". The news item includes a photo of a group of people in winter clothing and a short text snippet. The left sidebar contains two main sections: "Aktivitet" with links to "Framsida", "Terminliste", "Resultat", "Trening og kurs", "Tur- og skiorientering", and "Fotogalleri"; and "Organisasjon" with links to "Om O-laget" and "Årsmelding".

MATERIALOVERSYN 2010

O-skjerm, små			20stk?	Tur O-merker :		
O-skjerm 18x18			30stk?	Bronse stk. Sølv stk. Gull stk.		
O-skjerm			100 ""?	Bronse plakett		12 stk. ?
Klypetenger			46 ""?	Sølv plakett		5 "" ?
Stiftklemer			40 ""?	Gull plakett		4 "" ?
Stat-ur			1 ""	Plakett		20 år 3 ""?
Telt			3 stk	MERKER :		
Telt lite			1 ""	Gullingen fjellorientering		30 stk
Kokeapparat 3 blus			1 ""	Gullingen fjellorientering 3-års		148 ""
Propanflaske			1 ""	Gullingen fjellorientering 5 års		448 ""
Kartpåtrykkjar			1 ""	Ungdomsmerker		17 ""
Plastsveisar			1 ""	Klubbmerke i metall		20 ""
Førstehjelpskrin			1 ""	Klubbmerke i stoff		30 ""
Lykter for nattorientering			2 ""	PLASTPOSAR /STARTKORT :		
20 l plastkanner			3 ""	Kartposar A3		300 ""
Instruksjonskompass			1 ""	Kartposar A4		480 ""
Klassesett, kompass m/koffert			8 ""	Kartposar A5		0
Arbeidsark for begynnara utan erfaring			0 ""	Plastlommar stifteklemmer		500 ""
Arbeidsark for begynnara med litt erfaring			0 ""	Startkort for klippetenger/stiftkl.		130 ""
Arbeidsark for begynnara med erfaring			0 ""	Løps-skor 4.5,5,5.6,5.6,5.11,5		6.par
Overheadtransparent, arb. ark med fasit			1 ""	O-KLEDE :		
Spel			2 ""	T-trøyer Suldal O-lag		5 stk
Videofilm "I ukjent terreng"			1 ""	Overtreksbukse str.175M		1 ""
Videokassetar, diverse opptak			2 ""	Gamle løpsdraktar :		
Drikkebeget, plast			40 stk	Bluse 150 Sxx		1 ""
Drikkebeget, papp			30 stk	Bluse 160 Sx		3 ""
Plast stolpar			25 ""	Bluse 170 S		2 ""
Resultat plastlommar			520 stk	Bukse lang 160 Sx		4 ""
Premiar			ca kr. 3000,-	Bukse lang 170 S		1""
Målseil			1 stk.	Nye løpsdraktar :		
EKT UTSTYR				Bluse 150 Sxx		0 ""
Mini-Time Recorder MTR2 /MTR4			2 stk/1stk.	Bluse 160 Sx		5 ""
Mål-/online enhet m/kabel			1 ""	Bluse 170 S		3 ""
Termisk printer til MTR/MTR4			2 ""/1""	Bluse 175 M		4 ""
Startposter			4 ""	Bluse 185 L		3 ""
Post nr. 175			2 ""	Bukse knekort 170 S		1 stk.
Post nr.100			1 ""	" " 175 M		5 ""
Post enheter			31+26+31 ""	" " 185 L		1 ""
Løpsbrikker			7 ""	" " 190 Lx		0 ""
Løpsbrikker versjon 2.-02			15+13 ""	Bukse lang 160 Sx		7 ""
Stemplingslapper til løpsbrikker			1 stk rull	" " 170 S		3 ""
Papirruller			2 stk.	" " 175 M		6 ""
KART :				" " 185 L		4 ""
Hedlebrekk	2006	1:10000	600 ""	Overtreksdrakt		
Barkaland	1989	1:10 000	0 ""	Jakke/Bukse XXL		2 / 2
Jelsa skule	1999	1:2 500	900 ""	Jakke/Bukse XL		3 / 3
Vinjar	2009	1:5 000	900 ""	Jakke/Bukse L		2 / 5
Middagsåsen	1981	1:10 000	600 ""	Jakke/Bukse M		8 / 7
Gullingen	2003	1:10 000	1300 ""	Jakke/Bukse S		4 / 4
Mosåno	1999	1:10 000	2225 ""	Jakke/Bukse XS		4 / 4
Ørekvam	1986	1:10 000	250 ""	Jakke/Bukse XXS		2 / 2
Nesflaten	1988	1:10 000	580 ""	DATAUTSTYR: Laserskriver		1stk
Augnastølsvaten	1998	1:10 000	1400 ""			
Stegåsen	2009	1:7 500	800 ""			
Turkart Mosvatn	2001	1:25 000	550 ""			
Turkart Mosvatn	2001	1:25 000	45 "" lite for.			
Gullingen	2002	1:10 000	400 stk			

Turorientering 2010

Turorientering på ski:

Me brukte karta Gullingen, 30 postar og Mosåno, 10 postar. Karta vart kopiert i fargar, ca. 100 kart vart delt ut, berre 25 personar leverte inn (50 stk. i 2009). Lite snø ved påsketider må ta skulda for at få leverte inn. Men også dette året var det mange positive tilbakemeldingar på tilbodet både frå hyttefolk og fastbuande. Vi høyrer om mange som tek mange postar men utan å levera inn noko skjema. Nokon tek berre nokre få postar kvar dag, slik at opplegget skal vara lenge!!!

Ved trekning av premiar vann

Heine Mo

Magnus Romedal Nærheim

Turorientering til fots:

I alt 60 postar vart fordelte slik:

Gullingen, Finnadalsheia	23 postar
Reinsheia	13 postar
Mosåno, oppe	13 postar
Storrdalsheia / Skuteheia	11 postar



Sal av kart har vore ved Sand Sport, Gullingen Turistsenter og ved opninga av turorienteringa.

Totalt vart det selt 42 konvoluttar (35 konvoluttar i fjor) + 24 ekstra ark (12 ekstra ark i fjor). I det heile opplevde me ein større tur-o-aktivitet dette året. Spesielt var det veldig mange til stades på opninga. Nesten all maten forsvann, berre litt sprøsteikt løk var igjen !!! 35 personar leverte inn mot 23 i fjor. Men målet må vera minst 50!!! Nytt av året var ein "Fleip eller Fakta"-konkurransen med tema frå kultur og natur. Oppgåvene fenga, og mange leverte inn svar. Men berre 4 stk. fekk alle rette.



Me vil takka Jan Erik, Albert og Magnar som "post-ordonansar" og Michael for hjelp til trykking av kart.

Ved trekning av premiar vann

Torbjörg Skretting Olimstad ("Fleip eller Fakta"-konkurransen)

Egil Fugleberg

Terje Bråtveit

Sand, 17. januar 2011.

Bibbi Krobath Olesen, Egil Fugleberg

Årsrapport for Trenings- og instruksjonskomiteen.

Trenings- og instruksjonskomiteen har i 2010 bestått av :

- Jon Nærheim
- Jan Erik Kristensen
- Michael Willig

Jan Erik har delteke på styremøta til klubben.

Komiteen har i år hatt 3 møte og nokre telefonmøte.

Sakene som har vore tatt opp var desse :

- Terminliste haust- og vintertrening 2010
- Plan for nybyrjar/vidarekomne-kurs -2010
- Terminliste O-sesongen -2010
- Terminliste haust- og vintertrening 2010
- Oppsummering sesong -2010/Årsrapport

Nybyrjarkurset i år blei halde både på Sand og på Osen. Kurset hadde god deltaking, med mellom anna mange langrennsløparar frå Suldal IL. Alle desse har sidan sprunge mange av Sommar-karusellane.

I år har me vidare hatt rekord-deltaking på Sommar-karusellen, der totalt 63 løparar var med ein eller fleire gonger. Me har òg hatt rekord i talet på arrangerte Sommar-karusellar.

Diverre kolliderte 3 av vår-løpa med Terrengløpskarusellen i år. Dette bør det komande styret ta tak i før neste sesong med å sende ei henstilling om å leggja denne karusellen på forskjellige dagar.

Nytt av året var 3 sprintløp på slutten av av Sommar-karusellen. Det vart ein suksess, og ein av faktorane for at me kunne arrangera o-løp så seint som til veke 40.

Trenings- og instruksjonskomiteen har òg drifta dei nye nettsidene til klubben. Desse er blitt godt mottatte av fleire enn klubben sine løparar. I tillegg har me hatt mange reportasjar frå O-løpa våre i Suldalsposten.

På eit av gate-løpa før jul fekk me òg prøve oss på Mikro-orientering – nok eit nytt element i klubben.

Til slutt må det nemnast at 4 O-teens deltok på ROOTS-samling i Haugesund, 7. - 9. januar.

Det er lengje sidan klubben har hatt ungdomar med på samlingar utanfor Suldal. Og samlinga gav meirsmak, så det blir nok fleire turar på ungdomane våre til våren.

- Målsetjinga til neste år er å klare 50 løparar på ein av Sommar-karusellane. Me var ikkje så langt unna i år med 36 løparar på det eine løpet. Men då må me først få til eit godt nybyrjar-kurs der målet blir å få dei med vidare på Sommar-karusellen.
- Neste mål er å få fleire med på kretsløp i Rogaland.

Jan Erik Kristensen

Jon Nærheim

Michael Willig

Rekneskap 2010


Suldal O-lag

Rekneskap samandrag 2010

Perioden 1.11.2009 til 31.12.2010

	Inntekter	Utgifter
1 Overført behaldning frå 2009	199 591,06	
2 Samlinger, årsmøte, kurs		4 932,80
3 Reiseutgifter O-løp		4 150,00
4 Startkontingent, andre løp		2 970,00
5 Karuselløp	4 685,00	427,50
6 Materieil, Premiar	1 150,00	4 175,00
7 Annonser		4 081,25
8 Kretskont., premiefond, akt.konsulent		3 240,00
9 Kartsal		
10 Tur-orientering	6 360,00	3 234,86
11 Medlemskontingent	7 500,00	
12 Kartprosjekt		21 950,00
13 Renter og gebyr	8 335,00	205,00
14 Løpsarrangement	199,00	1 296,48
15 Tilskot, kulturmidler, sponsorar	52 800,90	
16 Forsikringspremie, klubblokale		12 276,13
17 Ymse (porto, kopiering, postboks m.v.)		730,00
	<u>280 620,96</u>	<u>63 669,02</u>
Sum behaldning kasse/bank pr. 31.12.2010		216 951,94
SUM	<u>280 620,96</u>	<u>280 620,96</u>
Overskot	17 360,88	

Sand 14.01.2011


Michael Willig
kasserer

Revidert
Dato: 16.01.11


Gyrid Bakka
revisor

Budsjett 2011

Suldal O-lag

Budsjettforslag 2011

	Inntekter	Utgifter
2 Samlinger, årsmøte, kurs		8 000,00
3 Reiseutgifter o-løp		6 000,00
4 Startkontingent, andre løp		6 000,00
5 Karuselløp	5 000,00	
6 Materiell, Premiar		15 000,00
7 Annonser		4 000,00
8 Kretskont., premiefond, akt.konsulent		5 000,00
9 Kartsal	2 000,00	
10 Tur-orientering	6 000,00	3 000,00
11 Medlemskontingent	7 500,00	
12 Kartprosjekt	90 000,00	50 000,00
13 Renter og gebyr	8 500,00	300,00
14 Løpsarrangement		
15 Tilskot, kulturmidler, sponsorar	30 000,00	
16 Forsikringspremie, klubblokale		15 000,00
17 Ymse (porto, kopiering, postboks m.v.)	390,00	2 500,00
	<hr/>	<hr/>
	149 390,00	114 800,00